

SONGLAGET STORDABUEN Stifta år 1935

VEDTEKTER

Seinast vedteke på årsmøte 18.02.2021

§ 1. FØREMÅL MED KORET

Songlaget Stordabuen er eit blandakor som ved å øva og framføra god korsong skal spreia glede og gje musikalsk oppleving til både songarar og publikum. Koret skal også gje medlemene eit godt sosialt fellesskap.

Dette vert søkt nådd gjennom:

- a) god administrativ leiing
- b) planleggjing, kortsiktig og langsiktig
- c) god økonomisk kontroll
- d) skulering av songarar/dirigent(ar)
- e) konsertar
- f) PR-verksemd
- g) kontakt med Musikkrådet i Kommunen
- h) kontakt med kulturetat
- i) kontakt med andre kor/musikkorganisasjonar
- j) medlemskap i Hordaland Korforbund

§ 2. MEDLEMER

Alle med interesse og anlegg for korsong kan takast opp som medlemmer. Styret i samråd med dirigent avgjer medlemskapet grunna på saklege forhold. Minstealder for opptak er 16 år. Alle tidlegare medlemmer som har slutta av helsemessige årsaker, alder o.l. kan stå som passiv medlem. På årsmøtet har desse tale-, men ikkje stemmerett.

§ 3. MEDLEMENE SINE PLIKTER

Eit medlem pliktar å:

- a) fylgja koret sine vedtekter
- b) arbeida for å nå koret sine mål
- c) retta seg etter dei vedtekter som vert fatta
- d) møte opp til alle øvingar og konsertar
- e) melde fråvær til stemmekontakt, meldt fråvær er gyldig fråvær. Meir enn 30% ugyldig fråvær fører til eksklusjon
- f) betala medlemskontingenten innan fastsett tid. Kontingenten vert fastsett av årsmøtet og skal betalast kvart halvår innan 15. februar og 15. september. Passive medlemmer og medlemmer i permisjon betaler 1/3 kontingent.
- g) arbeida for eit godt miljø der interesse, disiplin og kameratskap er i fokus
- h) gje melding til styret ved søknad om permisjon eller ved utmelding
- i) retta seg etter dirigenten på prøver og konsertar
- j) opptre som ein verdig representant for koret

§ 4. EKSKLUSJON

Overfor medlemmer som bryt føresegnene i vedtektene, kan det treffast fylgjande tiltak:

- a) Styret kan med minst 2/3 fleirtall suspendera eit medlem.
- b) Før vedtaket vert fatta, skal medlemet gjevast mogelegheit til å uttala seg.
- c) Medlemstilhøvet skal handsamast av det påfylgjande årsmøtet/ekstraordinært årsmøte, innan 1 månad.

§ 5. ÅRSMØTET

Årsmøtet er koret si øvste myndighet.

Koret sitt driftsår er frå 1. januar til 31. desember. Ordinært årsmøte skal haldast innan 20 februar. Årsmøtet må kunngjerast minst 4 veker på førehand. Saker til årsmøtet må sendast styret 2 veker før årsmøtet. Ekstraordinært årsmøte kan innkallast med 14 dagars varsel når styret eller minst 1/3 av medlemene krev det. Sakspapira til ekstraordinært årsmøte fylgjer med innkallinga. Berre medlemmer som har oppfylt sine forpliktelsar har stemmerett på årsmøtet.

Avvikling av årsmøtet

- a) velgja møteleiar
- b) velgja møtesekretær
- c) godkjenna innkalling
- d) godkjenna saksliste
- e) årsmelding
- f) rekneskap
- g) innkomne forslag
- h) tilsetjingstilhøve/dirigentskontrakt
- i) fastsetja kontingent/handlingsplan
- j) budsjett
- k) val av:

Leiar	(1 år)
Nestleiar	(2 år)
Skrivar	(2 år)
Kasserar	(2 år)
Styremedlem	(2 år)
2 varamedlemmer	(1 år) i nummerorden, med møteplikt. Dei har tale og forslagsrett, men ikkje stemmerett.
1 revisor	(1 år)
4 medl musikkutval	(1 år)
Noteforvaltar	(2 år)
2 Uniform/kost.anstv	(2 år)
Leiar og 2 medl. valkomite	(2 år)

Årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte er vedtaksført når minst 50% av medlemene er til stades. Alle saker vert avgjorde med simpelt fleirtall, unnateke § 4. Ved stemmelikheit tel leiaren si stemme dobbelt, utanom val der resultatet vert avgjort ved loddtrekning. Styret har stemmerett i alle saker unnateke rekneskap og årsmelding. Dirigenten kan delta på årsmøtet, men har kun tale- og forslagsrett.

§ 6. STYRET

Styret har ansvar for koret si drift, økonomi og planleggjing. Styret vert vald av årsmøtet. Styret skal syta for å engasjera og gjera naudsynte avtalar med dirigent / hjelpe-dirigent / stemmeøvar / repetitør etter retningsliner gjeve av årsmøtet. Styret er beslutningsdyktig når minst 2 av styret sine medlemmer og leiar/nestleiar er til stades. Ved stemmelikheit tel leiar / nestleiar si stemme dobbelt. Styret vel sjølv sin representant til musikkutval og arrangementskomite. Styret sin representant skal innkallast til møter og delta i debatter der. Dei skal vera bindeledd mellom utval / komite og styret. Dei skal vera fritekne for det praktiske arbeidet i utval / komite. Styret sin leiar står på val kvart år, dei andre i styret står på val anna kvart år.

§ 7. MUSIKKUTVAL

Musikkutvalet er samansett av: Dirigent, ein medlem frå kvar stemmegruppe og ein frå styret. Dirigenten har det musikkfaglege ansvaret for koret. Musikkutvalet er rådgjevande organ for dirigenten i musikkfaglege spørsmål og skal medverka ved utval av repertoar og utarbeiding av øvingsplan. Ved utarbeiding av slike planer skal kormedlemene verta haldne orienterte og få høve til å påverka resultatet. Musikkutvalet arbeider etter vedteken instruks og gjev rapport til styret innan fastsett tid. Utvalet skal samankallast av dirigenten etter behov.

§ 8. VALKOMITE

Valkomiteen er samansett av 1 leiar og 2 medlemmer valde av årsmøtet valkomiteen vel sjølv skrivar. Valkomiteen arbeider etter instruks vedteken av årsmøtet.

§ 9. PERMISJON

Eit medlem kan få permisjon i inntil eit år. Søknad om dette skal sendast styret. I permisjonstida skal det betalast 1/3 av vanleg kontingent. Permisjonsfråværet tel ikkje med ved ansienitet.

§ 10. REVISJON

Revisor kan til ei kvar tid krev regnskap framlagt for revisjon. Revisjonsmelding skal sendast ut saman med årsmøtepapira.

§ 11. HEIDERSUTMERKING

Etter 20 års medlemskap i Songlaget Stordabuen vert det delt ut ei utmerking. Utanom dette kan Songlaget Stordabuen gje Heidersutmerking til personar som gjennom mange år har gjort ei stor og spesiell innsats for koret. Medlemene kan gjera framlegg om kandidatar til styret. Styret fattar det endelege vedtaket om heidersutmerkinga.

§ 12. OPPLØYSING AV KORET

Oppløysing av koret må vedtakast av ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte. Forslaget må ha minst 2/3 fleirtall. I tilfelle avvikling skal koret sine egedelar takast vare på av det siste fungerande styret. Dersom dett ikkje er starta nytt kor med same namn innan 3 år, skal koret sine egedelar tilfalla Hordaland Korforbund til bruk for etablering av nytt kor på Stord.

§ 13. ENDRING AV VEDTEKTER

Koret sine vedtekter kan berre endrast av ordinært årsmøte og med 2/3 fleirtall. Eventuelle endringsframlegg må vera styret i hende seinast 4 veker før årsmøtet.

Koret si adresse: 5400 Stord